

Skurdalen skule 50 år

Når det skal feirast 50 årsjubileum, er det vel på sin plass å sjå tilbake på 50 åringen sin ”barndom”.

Alt i 1730 skal det ha vore lærarar i arbeid rundt i bygdene. Då den fyrste forordninga om folkeskule på landet kom i 1739, fekk Hol ein fast lærar. Etter 1807 hadde truleg Hol 4 lærarar, men ein veit ikke sikkert om nokon av desse nokon tid har vore i Skurdalen.

Det var ikkje skulehus, læraren kom til elevane. Dette var omgangsskule. Fyrst etter skulekommisjonsmøte 19. oktober 1818, vart skulehaldet fastsett slik:

10 dagar på Pålgard

8 dagar på Torsteinplass

6 dagar på Nedrestøl og Sæthe

4 dagar i Dokken og på Sveinunggard

2 dagar på Aslegard, Flatåker, Herleiksplass og Groven.

Faga var i starten lesing og religion, men den nye skulelova av 14. juli 1827 sette desse valfrie faga i tillegg: Rekning, skriving og bibelsoge.

Borna vart flytt opp og ned i klassane etter kor flinke dei var. Læraren hadde konfirmantundervisninga, og somme tider kom presten óg på besøk.

Det var nok ikkje lett for elevane å konsentrera seg i timane, når alle husets folk var i same rommet - der karane dreiv med hogging, snekring og saging, kvinnene med spinning og veving, og dei minste sprang rundt og leika.

Den nye skulelova av 1860 heldt på faga lesing, religion, skriving, rekning, song, geografi, naturfag, historie, praktiske fag og gymnastikk.

I 1870 vart det arbeidd med å få faste skular i alle kretsane.

Det vart og krav om faste skulehus.

I Skurdalen var det tre skulekrinsar.

Me hadde Nordgardane krins som gjekk frå Nedrestøl til Kleiven. Skurdalen krins gjekk frå Kleiven til Naustedøkken.

Desse to krinsane høyrde til Hol kommune.

Sør-Skurdalen krins gjekk frå Naustedøkken til Bergo. Desse høyrde til Uvdal (Opdal) kommune.

Elevane ”uti gardan”: Grevsgarddøkken, Skogstad og Fredheim høyrde til Nore kommune. Grevsgard høyrde til Ål kommune. Elevane her høyrde til Tunhovd skulekrets, men gjekk på skulen i Sør- Skurdalen. Det vart såleis elevar frå tre kommunar ved Sør-Skurdalen skule.

I 1937 søkte sørskurdølingane som høyrde til Uvdal og dagalingane om å verta overførte til Hol kommune

I 1944 vart Sør-Skurdalen frå Naustedøkken til Bergo og Dagali overført til Hol kommune.

I 1947 vart det stadfesta. Gardane som låg i Nore og Ål kommunar høyrer i dag til Nore og Uvdal kommune.

Det høgste elevtalet som ein kjenner til i bygda var skuleåret 1934/35 med 51 elevar.

Då hadde Nordgardane 9 elevar, Skurdalen 20 elevar og Sør-Skurdalen flest med 22 elevar.

Det fyrste skulehuset i Skurdalen

I 1878 vart fast skule innført, og då heldt skulen til i Kleiven og Dokken.

Det vart då bestemt at det skulle byggast skulehus i Skurdalen krets, og det stod ferdig i 1880.

Det stod berre 2-300 m nord for Dokken. På den gamle tomte står berre murane att, men blir mellom bygdafolk kalla ”gamle skulehustomta”.

Då vi fekk nytt skulehus, vart det gamle flytta til Fjellset og stod der som jakthytte i fleire år. I 1925 vart huset flytta til Rauhelleren på Hardangervidda, og blei ein del av turisthytta. Der står det gamle skulehuset som ein del av spisesalen.

Knut Nygard var tilsett her 1897 og Eirik Sveingar 1899.

Me er ikkje kjende med at det finst bilete av denne skulen.

Det andre skulehuset i Skurdalen

Før det var skulehus i Sør- Skurdalen, heldt dei skule i eit rom i Nordre Borgen. I 1886 vart det bestemt at det skulle byggjast skulehus, og det stod ferdig i 1887. Skulehuset hadde eit klasserom, eit rom der læraren kunne bu og gang. Doen var i eit uthus på andre sida av vegen. Der var også vedskjul. Skuleungane frå Grevsgard, Fredheim og Grevsgarddokken hadde lang skuleveg, det var opptil 9 km kvar veg. Det var serleg tungt om vinteren på ubrøyta vegar. Elevane var då mykje innlosjerte i Kåset, Bekken og Borgen. Året 1955/56 var siste året det var skule der, og hausten 1956 vart Sør- Skurdalen skule slege saman med Skurdalen skule. Skulehuset står framleis, og det høyrer no til Søre- Borgen. **Ola Lia** var lærar her frå nyttår 1919 så lenge det var skule der til våren 1956.



Sør-Skurdalen 1933

Fra v.: Knut Lia, Kristian Borgen, Syver Lien, Albert Borgen, Ola Lia, Knut Lien, (ukjent - skjult), Guttorm Bryplass, Birger Lia, Harald Bryplass, Øistein Kåset, Birgit Fredheim, Birgit Hullet (Eide), Birgit Lien.

Det tredje skulehuset i Skurdalen

I 1906 vart det bygd skulehus på Nordgardane, ”på Nygards grunn.”

Det hadde 3 rom: Skulestove, kammers (lærarbustad) og gang.


Huset står enno, det er i privat eige og er ominnreidd til hytte.

Frå hausten 1940 vart skulen nedlagd og slegen saman med Skurdalen skule.

Det vart lang skuleveg frå Nordgardane til skulen som me kallar ”Gamleskula” i dag. Ein periode var det skuleskyss med hest.


Eirik Sveingar var og ved denne skulen frå 1932-1937.

Ved sida av var han lærar på Skurdalen skule.



Nord-Skurdalen skule

Det fjerde skulehuset i Skurdalen



Skurdalen gamle skule

I mars 1911 var det slutt med å halda skule i det gamle skulehuset nord for Dokken. Då var nytt skulehus under bygging, og det skulle liggja ”ved kvernhuset nord for Flatåker.” Knut Sveinunggard d.æ sette det opp. Frå april same året og ut til nyttår 1912 vart det halde skule i eit rom på Flatåker. Då stod det nye skulehuset ferdig. I andre høgda var det lærarbustad. Dette skulehuset var i bruk heilt til våren 1960. Skulehuset er i privat eige, og er nyleg restaurert i den gamle stilen.

Eirik Sveingar var ved denne skulen óg. Han var lærar i Skurdalen frå 1899 til 1949. Medan han var lærar på Nordgardane hadde kona hans, **Elisabeth Gundersen Sveingar**, småskulen. Då han gjekk av som lærar, hadde han vore lærar i 50 år i bygda.

Han fekk kongens fortenestmedalje for lang og tru teneste.

Øystein Kåset vart tilsett her i 1949 og vart med til den nye skulen i 1960.

1. r. f. venstre: Tordis Sveingar, Bergit Flatåker, Solveig Herleiksplass, Gunhild Flatåker.

2. r. f. venstre: Øystein Kåset, Jakob Vebjørnsen, Odd Gauteplass, Knut Herleiksplass, Arne Pålgaardhaug, Harald Gauteplass, Kåre Lieng, Knut Haugen, Eirik Sveingar.



Det femte skulehuset i Skurdalen

Jubilanten

På 1950 talet vart det snakka om at det snart burde byggjast ny skule i bygda. Då Sør-Skurdalen skule var lagt ned i 1956, og elevane flytta til Skurdalen skule, var alle elevane i bygda samla på ”Gamleskula”. Då melde behovet seg for å få fortgang i byggjeplanane.

Eit fleirtal i kommunestyret vedtok i februar 1957 at det skulle byggjast ny skule i bygda litt sør (aust) for der den gamle skulen låg. Kommunestyret gjekk imot vedtaket som eit fleirtal på kretsmøtet i bygda hadde stemt for. Det var at den nye skulen skulle liggja på nedsida av vegen der gamleskulen stod.

”Skurdalen får eit moderne skulebygg. Godt folkebad i same bygget”, stod det å lesa i Hallingdølen 12. juli 1960.

Hausten 1960 stod nyeskulen ferdig til bruk, og den gjekk over frå å vera 2- delt til 3- delt med 39 elevar. Det året begynte det 10 elevar i fyrste klasse.

I 1963/64 var det 42 elevar.

Skulen var 3-delt ut skuleåret 1965/66.



Skurdalen nye skule 1960

I den nye skulen var det god plass, og med så mange elevar var det nødvendig.

Her var 2 klasserom, gymnastikksal med badeavdeling, bibliotek og lærarrom. Badeavdelinga hadde dusj, karbad og badstove, og den fungerte også som folkebad.

Grunnen til dette var at idrettslaget i bygda hadde betalt badstova.

Det var ikkje så vanleg med bad i alle hus den gongen. Ein kveld i veka fungerte badeavdelinga som folkebad. Folk i bygda kunne koma til skulen for å få seg eit bad. Det var svært populært med badstova. Det var idrettslaget som administrerte dette.

Kostnaden med skulebygget var rekna til omlag 325 000 kroner.

Både på 1950- og 1960- talet var det ein del endringar i skulen både med skulebygga og innhaldet i undervisninga.



Ny skulelov

I 1959 kom det det ny skulelov med nye fag. Dette gjorde at det kom krav om nye undervisningsrom og nytt utstyr. Det var den 9-årige skulen som var på veg inn.

Hausten 1965 vart den 9-årige skulen innført i Hol.

Elevane gjekk då 6 år på barneskulen i grenda og 3 år på ungdomsskulen på Geilo.

Blant dei nye faga kom heimkunnskap og forming. I 1965 vart gymnastikksalen ombygd til heimkunnskaps- og formingsrom også kalla aktivitetsrom.

Då kom spørsmålet opp om å byggja ny gymnastikksal.

I samband med gymnastikksalen dukka også spørsmålet opp om nytt grendehus i bygda. Det gamle, Solhaug, var bygd i 1921, så det trengdes eit nytt forsamlingshus og.

I 1966 godkjende kommunen planen for gymnastikksal i kombinasjon med grendehus/samfunnshus.

Bygget stod ferdig hausten 1969. Det var også ny badeavdeling i kjellaren.

Kommunen kosta tilbygget, medan bygda kosta scenen, møterommet og kjøkkenet. Bygda kosta og mykje av utstyret i desse romma.

Skurdalen Husmorlag hadde eit fint kaffe-og middagsservise som dei hadde kjøpt inn. Dette kunne ein få låne når ein skulle ha større selskap.

Serviset hadde initialane SH. Husmorlaget gav serviset til grendehuset.

Det vart lyst ut ein konkurranse om å finna eit høveleg namn til grendehuset som desse bokstavane kunne passe til.


Forslaget Skurdalshalle vann, og det var sendt inn av Knut Johnny Gustafsson og Gunnar Herleiksplass. Premien var eit vikingskip som var dekkja med skjel.

Dette tilbygget kosta omlag 362 000 kroner, installasjon og røyrleggjararbeid kom i tillegg.

Fredag 5. september 1969 stod det å lesa i Busken (Drammens Tidende og Buskeruds Blad):

”En stor dag for Skurdalen søndag. Innvier både kirke og samfunnshus. Millioninvestering for en bygd med bare vel 200 innbyggere.”

Sundag 7. september vart det nye tilbygget ved skulen teke i bruk for første gong i samband med kyrkjekaffien etter vigsla av Skurdalskyrkja.



Skurdalen skole 1969

Piano kom og ganske tidleg på huset. Det var ei gave frå Skurdalen husmorlag med litt hjelp frå kommunen.

17. mai 1972 stilte skulen med eigen fane. Det hadde me ikkje hatt før.

Det var foreldre og Husmorlaget som gjekk saman om dette.

Motivet på fana er teikna av Knut Johnny Gustafsson. Kunstmålar

Axel P. Knudsen på Geilo måla motivet på fana. To av mødrene ved skulen,

Solveig Nedrestøl og Else Knudsen, sat mange kveldar og sydde fana. På

skulefana står det: "Vår ungdom - bygdas framtid." Det vart sendt inn av Astrid Vebjørnsen.

Tidleg på 1980-talet hadde me eit år berre 9 elevar, men me fekk likevel drive 2-delt skule. Elevtalet steig fort att, og det var ikkje lenge før me var oppe i nær 30 elevar.

Utover på 90 talet gjekk elevtalet ned, og i ei sparepakke utarbeidd av administrasjonen i kommunen våren 1996 var eit av forslaga å overføre elevane til Dagali. Det førde til sterke protestar og skulen vart redda. Og det var ikkje lenge før nederlaget vart snudd til optimisme. I staden for å leggje ned, bestemte dei folkevalde at skulen skulle rustast opp. Og det hasta!

Hausten 1997 vart 6-års reforma innført, og me fekk ei klasse med seksåringar. Etter denne reforma gjekk elevane dei 7 fyrste åra på skulen i grenda, dei 3 siste på ungdomsskulen på Geilo.

Skulen stod klar om hausten. Det vart ikkje noko tilbygg, men restaurering og ei god løysing innanfor det eksisterande bygget.

Det vart ny formingsavdeling, heimkunnskapsavdeling, moderniserte klasserom og datarom. Rektor fekk eige kontor. Og det vart ei heil ny avdeling for seksåringane. Den fekk me på loftet ved å heve taket. Der vart god plass til eit stort klasserom og bibliotek.

Frå 1. desember 1999 vart skulen, barnehagen og SFO formelt slege saman til Skurdalen oppvekstsenter.

Våren 2002 vart det på nytt utarbeidd ei sparepakke av administrasjonen.

Grendeskulane vart igjen ute i hardt ver. Skulesjefen foreslo at Dagali oppvekstsenter skulle flyttast til Skurdalen. Elevtalet ved dei to skulane var omtrent det same, men det minka mest i Dagali. Endringa var sett i verk hausten 2004. No heiter det Dagali og Skurdalen oppvekstsenter.

Råd og utval

Skulestyret – seinare hovudutval for kultur og oppvekst og kretstilsynet - seinare samarbeidsutvalet har hatt mange oppgåver å kjempe for.

Bygging / utviding av skulehus, betre leikeplass, skulemålet og sparetiltak.

Det vart og råd for alle andre ved skulen, foreldreråd, lærarråd og elevråd.

På 90-talet var det ynskje frå nokre foreldre om å få målavrøysting, for på den måten å få innført bokmål ved skulen. Resultatet av avstemminga var at me heldt fram med nynorsk.

Då Dagali skole vart slegen saman med Skurdalen skule, var det ny målavrøysting. Dagali skole hadde hatt bokmål. Denne gongen vann bokmålet.

Fleire titlar

I starten var det som regel berre ein lærar/ lærarinne ved skulen. Var det ein mann vart han kalla ”skulen.” Somme gonger vart fornamnet brukt, eller berre etternamnet. Seinare var det einelærar, dvs. den einaste læraren på ein skule. Dersom det var to eller fleire lærarar på ein skule, var tittelen hovudlærar på den som hadde leiaransvaret.

Tittel av nyare tid er administrande lærar som seinare vart forandra til rektor.

Dei tilsette ved ved skulen.

Folk frå bygda som har vore/er tilsette ved Skurdalen (nye) skule:

Øystein Kåset, Bia Flatåker Christoffersen, Marie Kåset,
Knut Johnny Gustafsson, Wenche Elisabeth Lia, Ellen Goberg,
Elisabeth Bølviken Groven, Birger Goberg, Rolf Bjørnstad,
Kjell Inge Christoffersen, Anne Mari Borgen, Jorun Kollhus,
Torill Bryplass, Ola Gauteplass, Laila Flatåker, Vilhelm Vebjørnsen,
Vebjørn Kjønnaas, Aileen Flataaker, Solveig Urn, Birgit Flatåker Christoffersen,
Silje Marie Aasheim, Trude Holtbakk, Torill Pedersen, Sven Groven,
Irene Jonassen, Linda Sveinunggard, Linda Eitrheim, Kenneth Herleiksplass, Lone
Herleiksplass, Guro Grimstveit, Gjertrud Gauteplass, Siv Høyer.

Desse har vore mange år ved skulen:

Øystein Kåset	1960- 1965 (1949 – 1960 ved ”gamleskula”)
Bia Flatåker Christoffersen	1960/61 og 1968-2003
Laila Flataaker	1960-1989 (var og tilsett ved ”gamleskula”)
Vilhelm Vebjørnsen	1971- 1996
Ellen Goberg	1974-Er framleis ved skulen
Elisabeth Bølviken Groven	1983-Er framleis ved skulen
Solveig Urn	1989-2006
Vebjørn Kjønnaas	1993-Er framleis ved skulen

Dei tilsette i jubileumsåret:

Ved skulen:

Brit Dagmar Bråten	Skoleassistent
Elisabeth Bølviken Groven	Rektor
Ellen Goberg	Lærer og teamleiar
Frode Vindenes	Lærer og IKT-rettleiar
Gjertrud Gauteplass	Lærer
Jeva Zakareviciute	Skoleassistent
Linda Eitrheim	Reinhaldar
Rolf Mykkeltvedt	Sfo-assistent, vaktmeister og lærar
Siv Høier	Lærer
Vebjørn Kjønnaas	Lærer og vaktmeister

I barnehagen:

Anders Wallin	Assistent
Birgit Alice Tollefsen	Assistent
Filip Manechev	Assistent
Irene Jonassen	Assistent
Linda Eitrheim	Reinhaldar
Katrine Torkelsen	Styrar
Mari Sofie Ramberg	Pedagogisk leiar
Vebjørn Håvardrud	Vaktmeister
Åse Birgitte Larsen	Førskulelærer

**Det er ein sprek og vital 50 åring me feirer.
Hjarteleg tillykke med dei 50 år.
Hell og lykke i åra som kjem.**

Bia Flatåker Christoffersen

*- Hovudkjelde: Bygdebøkene for Hol
- Bileta er henta frå "Hol skolehistorie" av Ola A. Bøhle
-elektronisk handsama av Vebjørn Kjønås*

Helsing frå rektor i jubileumsåret.

"Hurra - vi jubilerer!" stod det i invitasjonen vi sendte i vår.
Ja, vi er 50 stolte år - med røter langt tilbake.

Skolen har alltid stått sterkt i Skurdalen. Skulen har vore sett på som ein viktig kulturinstitusjon og ei kjelde til å lime bygda saman. I jubileumsåret er det óg slik.

Elevane har markert jubileet med ein tur. Dei har vore i Vassfaret Bjørnepark i Flå og i Tropicana Badeland på Gol. Turen var ei gåve frå Skurdalen Grendeutval. Dette var eit kjekt avbrot i den vanlege kvardagen.

No er det dei vaksne sin tur til å feire; med fest i Skurdalshalle 25.09.10 og med dette jubileumsskrivet.

Jubileumsskrivet har kome til ved at den eg kjenner som veit mest om bygda og skulen vår, blei spurt om å dele kunnskapen sin med oss.

"Bia" (ho heiter ikkje det, men alle veit kven **"Bia"** er – så difor berre **"Bia"**) har teke arbeidet med å lage dette jubileumsskrivet til festen vår.

Bia er den som har lengst fartstid ved Skurdalen skule. Ho var her alt då nye-skulen opna i 1960, drog så ut att for å skaffe seg meir kunnskap og erfaring og kom attende i 1968 for så snart å arbeide som leiar ved skulen fram til 2003. Dette står det respekt av!

Då eg sjølv kom til Skurdalen skule i 1983, som nyutdanna lærar utan nokon kunnskap om fådelt skule, var det til ein leiar som delte rikt av kompetansen sin.

Etter at Bia valde å pensjonere seg i 2003, har ho halde fram med å ha eit varmt hjarte for skulen - no som raus nabo saman med Kjell. Dei lar skulen og barnehagen nytte nærområdet til leik og læring.

Så Bia, tusen takk for alt du har vore for skulen i bygda!

Eg vil óg nytte høvet til å takke dei som har stelt i stand jubileumsfesten:

Irene Jonassen, Jorun Kollhus, Anne Irene Drageset, Britt Haugen og Ellen Goberg

...og til å takke alle som jubilerer med oss...

Godt jubileum til alle!

Elisabeth Bølviken Groven

SKURDALEN SKULE



Skurdalen nye skule 1960

1960 – 2010